

Fra: Andreas Knarvik Kolås <Andreas.Knarvik.Kolas@vlfk.no>
Sendt: fredag 6. oktober 2023 12:37
Til: Merethe Tvedt
Emne: RE: Reguleringsplan Frekhaugkrysset mot Langeland B5

Vi har signert avtale med dei, så alt i orden.

Avtalen vart signert 07.03.2023

Sendt fra min Galaxy

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Merethe Tvedt <merethe.tvedt@alver.kommune.no>
Dato: 05.10.2023 15:19 (GMT+01:00)
Til: Andreas Knarvik Kolås <Andreas.Knarvik.Kolas@vlfk.no>
Emne: Reguleringsplan Frekhaugkrysset mot Langeland B5

Hei Andreas,

Me var i kontakt tidlegare kring denne avkøyrsele som blei stengd i fylkesveg planen for Frekhaugkrysset. Der vi gjorde ein reguleringsending i bustadplanen for Langeland B5 der vi fekk regulert inn ein tilkomst til dei 5 grunneigarane via denne planen.

Dette huskar eg at du sa var ok no.

Eg heldt på med saksframlegg og siste innspurt på bustadplanen, og treng ein bekreftelse frå dere at det er inngått ein avtale mellom dere og Ingrid Dale, slik at eg i saksframlegget kan svare ut at merknaden ho kom med til bustadplanen er løyst, sjå merknaden under:

Ingrid A. Dale, Gnr/bnr 324/56. 01.08.2022

1. Dei har ikkje fått med seg at det tidlegare er vedtatt å stengje dagens avkøyrsele frå Sagstadvegen. Dei kan ikkje godta dette. Grunngevinga er at dei har ein bratt bakke opp til huset sitt, kor dei må ha fart for å kome opp, sjølv om ein brøytar og strør sand. Med det nye alternativet, vert det ein krapp sving der bakken deira startar, slik at dei vil miste all fart. Dette vil vere ei risiko ved dagleg bruk, men spesielt for utrykkingskøyretøy på glatte vegar. Dei har brukt mykje pengar på denne vegen og ser ikkje noko anna alternativ plassering.

2. Dei kan ikkje sjå å ha blitt informert om saka tidlegare.

Oppsummert:

Kan du gje meg ein tilbakemelding der du skriv at/om det er inngått avtale med Ingrid A. Dale. Og at merknaden difor er løyst?

Med venleg helsing

Merethe Tvedt | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 56 17 11 82

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Andreas Knarvik Kolås <Andreas.Knarvik.Kolas@vlfk.no>

Sendt: torsdag 13. oktober 2022 09:21

Til: Merethe Tvedt <merethe.tvedt@alver.kommune.no>

Kopi: Joar Rykkje Hopland <Joar.Rykkje.Hopland@vlfk.no>

Emne: SV: Reguleringsplan Frekhaugkrysset mot Langeland B5

Hei.

Som vi snakket om på telefon, vil vi se på problemstillingen ang stenging av avkjørsel og etablering av ny tilkomst.

Vi tar kontakt når vi har fått diskutert denne saken internt.

Med helsing

Andreas Kolås

prosjektleder Nordhordlandspakken

planlegging og utbygging

infrastruktur og veg



tlf.: 92 25 59 79

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Merethe Tvedt <merethe.tvedt@alver.kommune.no>

Sendt: fredag 16. september 2022 10:44

Til: Joar Rykkje Hopland <Joar.Rykkje.Hopland@vlfk.no>

Kopi: Ingrid Raniseth <ingrid.raniseth@alver.kommune.no>; Andreas Knarvik Kolås

<Andreas.Knarvik.Kolas@vlfk.no>; Lillian Bakke Byrknes <Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no>

Emne: SV: Reguleringsplan Frekhaugkrysset mot Langeland B5

Hei,

Bra dere drøfter dette internt.

Og det er riktig som du skriv at denne merknaden skulle vore handtert for 2 år sidan, men kommunen ser ikkje at denne grunneigaren som no kjem med merknaden kan lastas for dette.

Årsaka er at avkøyringa desse 5 grunneigarane hadde til fylkesvegen blei regulert stengt i fylkesvegplanen med stengesymbol, men det var ikkje regulert inn ny tilkomst for desse eigedomane i planen.

Dette var vel også påpeikt i merknaden som den gang kom inn til planen (det var ein annan grunneigar som kom med den merknaden), men fylkeskommunen svart den då ikkje ut. Uansett så blei det i fylkesveg planarbeidet vurdert at ny tilkomst var mogleg å løyse, men at den då m.a. krevde ei oppgradering av denne tilkomstvegen.

Men desse forholda som berørt grunneigar no kjem med til endringa i bustadplanen, må også sjåast på/handterast av fylkeskommunen.

Det blir ei utfordring dersom dette ikkje lar seg gjennomføre (blir einigheit om privat) slik som no er foreslått. For den private detaljplanen for bustadfeltet vil nødvendig ha opphald pga. eit forhold som eigentleg skulle vore handtert i fylkesvegplanen.

Kommunen ynskjer heller ikkje gå inn på slike forhold dersom det privatrettsleg ikkje er ok.

Vi kan gjerne snakkast nærare om dette på telefon/teams.


Med venleg helsing

Merethe Tvedt | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 56 17 11 82

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Joar Rykkje Hopland <Joar.Rykkje.Hopland@vlfk.no>

Sendt: fredag 16. september 2022 08:09

Til: Merethe Tvedt <merethe.tvedt@alver.kommune.no>

Kopi: Ingrid Raniseth <ingrid.raniseth@alver.kommune.no>; Andreas Knarvik Kolås <Andreas.Knarvik.Kolas@vlfk.no>; Lillian Bakke Byrknes <Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no>

Emne: SV: Reguleringsplan Frekhaugkrysset mot Langeland B5

Hei.

Takk for svar.

Eg sendte ein e-post internt i går for å forhøre meg med dei som har plan som fagfelt her i VLFK. Dette er litt på sida av kva eg kan svare på, og i teorien skulle alt vert i orden her før eg fekk det på mitt bord. Eg ventar på svar.


Men slik eg ser det så ja denne merknaden burde komt for 2 år sidan, og det kom jo merknad frå ein annan grunneigar for 2 år sidan på denne stenginga. Den vart behandla og ligg i merknadsoppsummeringa for den planen.

Årsaka til at den vart stengd er at det ikkje var nok areal til å trekke gangvegen bak, slik at det blir 5m mellom gangvegen og bilvegen. Dette har med trafiksikkerhet for brukarane av gangvegen å gjere. Dessverre no så er jo dei som utarbeida planen i 2019/2020 «over alle haugar», men det ser ut for meg at dei tenkte at det låg ein brukanes ny trasè klar som dei kunne nytte. Det var dessverre ikkje riktig og me har no fått desse problemstillingane for å oppgradere den tekniske standen på den nye tilkomsten.

Med helsing

Joar Rykkje Hopland
byggeleiar

Utbygging Bergensområdet
infrastruktur og veg



tlf.: 91 88 90 18
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Merethe Tvedt <merethe.tvedt@alver.kommune.no>

Sendt: torsdag 15. september 2022 11:21

Til: Joar Rykkje Hopland <Joar.Rykkje.Hopland@vlfk.no>; Ingrid Raniseth <ingrid.raniseth@alver.kommune.no>

Kopi: Lillian Bakke Byrknes <Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no>; Andreas Knarvik Kolås <Andreas.Knarvik.Kolas@vlfk.no>

Emne: SV: Reguleringsplan Frekhaugkrysset mot Langeland B5

Hei Joar Rykkje Hopland,

Ja, dette kan løysast med ein byggesøknad, men då er de først avhengig av at det blir gitt ein dispensasjon frå rekkefølgekravet.

Her vil eg også komme med ein problemstilling til dere i forbindelse med den pågåande reguleringsplanen for bustadplanen Langeland B5.

Denne er ferdig på begrensa høyring kring endringa om denne tilkomstvegen til Sagstadvegen 63, 65, 67 og 69.

I samband med høyringa er det komen merknad frå ein av desse grunneigarane som får endra tilkomstvegen sin.

Eg kontakta Andreas Kolås i Nordhordlandspakken i samband med denne merknaden/saka, men har pr. no ikkje høyrte noko frå han.

Framdrift?:

Kommunen tenkjer at denne merknaden er i grunn ein merknad som skulle vore handtert i fylkesvegplanen, når eksisterande avkøyring blei stengt. -Og at fylkeskommunen hadde vore i dialog med dei berørte her.

Kommunen har no behov for å høyre korleis fylkeskommune ser for seg å løyse denne merknaden? Vi meiner det er uheldig at det no blir søkt om byggjeløyve for den endra avkøyring, når det ikkje er einigheit med berørt grunneigar. Realiteten er også slik at det er kun ved vedtatt reguleringsplan ein kan ekspropriere for bygging (i samsvar med vedtatt plan). Men denne saka er litt meir kompleks med tanke på at avkøyrsele er stengt i fylkesvegplanen, men ikkje regulert i anna plan.

Vedlagt ligg merknad som er komen frå grunneigar om stenging av avkøyrsele.

Høyrer frå deg.


Med venleg helsing

Merethe Tvedt | Rådgievar planforvaltning

Telefon: 56 17 11 82

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Joar Rykkje Hopland <Joar.Rykkje.Hopland@vlfk.no>

Sendt: onsdag 14. september 2022 14:02

Til: Merethe Tvedt <merethe.tvedt@alver.kommune.no>; Ingrid Raniseth

<ingrid.raniseth@alver.kommune.no>

Kopi: Lillian Bakke Byrknes <Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no>

Emne: Reguleringsplan Frekhaugkrysset mot Langeland B5

Hei.

Eg har sett at de har litt dialog rundt begge disse reguleringsplanane, så eg har eit spørsmål som eg håpar ein av dykk kan hjelpe meg med.

Viser til reguleringsplanen for Frekhaugkrysset med Sagstadvegen og stenginga av avkøyring for Sagstadvegen 63, 65, 67 og 69.

I forbindelse med stenginga av avkøyring, så har det komt ei endring i reguleringsplanen Langeland B5 som er under arbeid, som tek med ei kryssløysing inn til Torvvegen. Sjå utsnitt frå Nordhordlandskart under.



Som byggeleiar på reguleringsplanen for Sagstadvegen, har eg fått ei praktisk nøtt ifrå planavdelinga til Statens vegvesen/Vestland Fylkeskommune. Det er, som de sikkert veit, eit rekkefølgekrav for Langeland B5 at dei ikkje kan starte opp før Sagstadvegen er utbetra. Dette står forvaltninga i Vestland fylkeskommune fast på.

Men kan me i Vestland fylkeskommune sende inn ein byggesøknad for utbetringa av den nye tilkomsten til Sagstadvegen 63, 65, 67 og 69, og starte utbetringa ved hjelp av eit løyve på den søknaden? Det skal gjerast ei utbetring av den vegen inn i om lag 40m. Sjå utsnitt under frå grunnervesteikninga:




Så igjen, spørsmålet mitt er: Kan dette løyast ved ein byggesøknad?
Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart.

Med helsing

Joar Rykkje Hopland
byggeleiar

Utbygging Bergensområdet
infrastruktur og veg



tlf.: 91 88 90 18
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.